

**Sak 5:**

# **Landsstyrets beretning 2023-2024**

**SVs 26. ordinære landsmøte  
14.-16. mars 2025**

**Dato: 18.01.2025**

**[sv.no/landsmote](https://sv.no/landsmote)**



# Melding om landsstyret sitt arbeid i 2023 og 2024

<b>Innleiing .....</b>	<b>2</b>
Eit parti for dei mange, ikkje for dei få .....	2
Ei dyster utvikling i verda .....	2
SV si nye rolle .....	3
<b>Landsmøtet 2023 .....</b>	<b>4</b>
<b>Styrande organ.....</b>	<b>4</b>
Landsstyret .....	4
Sentralstyret .....	13
Arbeidsutvalet .....	13
<b>Organisatorisk utvikling .....</b>	<b>14</b>
Medlemmer .....	14
Lokallag .....	15
<b>Landsstyret sitt arbeid 2023-2024 .....</b>	<b>16</b>
Partiet skal jobbe meir utoverretta .....	16
Ein meir aktiv medlemsmasse .....	17
Godt skolerte tillitsvalde og kandidatar .....	18
SV sine folkevalde har god oppfølging .....	20
Partiet er tilgjengeleg og lett å identifisere seg med .....	21
Sterke fylkeslag .....	22
Bruke heile rørsla .....	23
Eit inkluderande folkeparti .....	24
Ein sterkare kampanjeorganisasjon .....	25
<b>Vedlegg.....</b>	<b>26</b>
Tilsette i perioden .....	26
Løn og arbeidsvilkår .....	28

# Innleiing

## Eit parti for dei mange, ikkje for dei få.

Det dominerande spørsmålet for Sosialistisk Venstreparti (SV) nasjonalt i perioden 2023-24 har vore korleis vi har forvalta valresultatet frå valet i 2021 og rolla som opposisjonsparti, men regjeringas samarbeidspartnar når det kjem til budsjett.

Dette skjer mot eit bakteppe av ein dyster internasjonal situasjon, ei stadig meir tilstadeverande klimakrise, framgang for ytre høgre og ei vedvarande dyrtid både nasjonalt og internasjonalt.

Trass i at SV gjekk fram ved valet i 2023, gjorde venstresida sin samla tilbakegang at vi mange stader mista innverknad. Dette gjeld særleg dei større byane.

Samtidig har SV styrka vår posisjon politisk og organisatorisk. Det er våre gjennomslag som har vist korleis ein kan ta viktige grep for å få ned forskjellane, ta vare på natur og klima og omstille Noreg til den økonomiske framtida som kjem.

## Ei dyster utvikling i verda

Dei siste periodane har vore prega av ulike hendingar internasjonalt som både direkte og indirekte har påverka norsk politikk. Høg inflasjon og aukande ulikskap har gitt mange ei kjensle av å bli forletne av stat og styresmakter. Dette har gitt grobotn for at ytre høgre og antidemokratiske krefter har blitt styrka i mange land.

Den pågåande krigen i Ukraina held fram med å dominere politikken. SV har kjempa for at solidariteten med det ukrainske folket skal vere både sivil og militær. Militær støtte til kampen mot den russiske invasjonshæren er nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg. Det har òg vore viktig med solidaritet med ukrainske flyktningar og sivilsamfunn. Det har òg vore ei viktig kampsak for SV at støtta til Ukraina ikkje treng eller skal gå utover støtta til andre land. Det er mange land i verda med store utfordringar, og både av omsyn til grunnleggjande solidaritet og norske eigeninteresser er det viktig at desse opplever at verda ikkje gløymer dei.

Krigen har òg fått konsekvensar i Noreg. Russisk aggresjon mot Ukraina har bidrege til at SV har vore med på eit forsvarsforlik med opprusting av den norske forsvarsevna. For SV har det vore særleg viktig å prioritere å ta vare på personell og sikre at forsvarsets tilsette har arbeidsvilkår og rettar som gjer at vi ikkje på dette kritiske punktet mistar viktig personell. Sjølv om SV støttar å auke Noreg si forsvarsevne, har det vore viktig å jobbe mot at vi skal bli dregne endå meir inn i eit stormaktsspel. Vi har derfor åtvara mot permanente amerikanske basar på norsk jord og mot å bli trekt inn i ein konflikt i Stillehavet.

Ei anna avgjerande hending i perioden er Hamas sitt angrep på Israel 7. oktober og Israel sitt fullstendig uproportjonale svar og pågåande krigsbrottsverk. SV var tidleg ute med å fordømme terrorangrepet mot Israel, men i etterkant har debatten handla om korleis vi skal svare på Israel sitt pågåande brotsverk og folkemord. SV har vore ein pådrivar for

palestinarane sin sjølvråderett samt støtte til den palestinske befolkninga og stat. Vi har jobba for sterkare tiltak mot Israel samtidig som vi har støtta at regjeringa har teke avstand til Israel si krigføring. Særleg var det å anerkjenne Palestina som stat eit viktig, etterlengta og nødvendig grep.

## SV si nye rolle

Ei av dei viktigaste oppgåvene til SV denne perioden har vore å forvalte valresultatet frå valet i 2021 på ein best mogleg måte. Gjennom ei konstruktiv opposisjonsrolle i Stortinget, og forhandlingar om statsbudsjettet, har vi fått på plass mange viktige sigrar. SV si rolle i norsk politikk har gjennom stortingsperioden endra seg vesentleg. I ein situasjon der regjeringa ikkje har hatt vilje til å ta nødvendige grep for å møte nye utfordringar er SV no det viktigaste politiske partiet for å drive frem venstresida sin politikk for rettferdigheit, miljø og solidaritet.

Særleg viktig er det å trekke fram at vi har fått gjennomslag for to store velferdsreformer frå opposisjon. Det er første gong i norsk politikk at eit parti har greidd å drive fram to så store velferdsreformer utan å sitje i regjering. Sjølv om vi ikkje er fullt ut i mål med nokon av dei, betyr SV sine gjennomslag gratis kjernetid i SFO for 1.-3. klasse i tillegg til ei satsing på bemanning. Vidare har vi no sikra 75% billigare tannlegetenester for dei opp til 28 år. Sjølv om desse reformene ikkje er heilt ferdige, kjem dei til å hjelpe titusenviis av menneske med den daglege økonomien og tilgang til nødvendige tenester.

SV har òg fått gjennom nesten ei dobling av barnetrygda slik at den kjem tilbake til nivået frå 1996, som var då ein slutta å inflasjonsjustere den. Dette, kombinert med dei andre tiltaka vi har fått gjennomslag for, gjer ein stor forskjell i folk sine liv og får direkte utslag på statistikken over fattige i Noreg eller på ulikskapsstatistikken.

SV har òg fått gjennom viktige sigrar som gjer at Noreg kjem til å nå klimamåla vesentleg tidlegare enn om vi ikkje hadde fått pressa dei gjennom. Det betyr òg at landet er mykje sterkare rusta til å møte den omstillinga vi er heilt avhengige av for å sikre framtidens arbeidsplassar.

Vi har òg fått gjennomslag for vesentlege sigrar når det kjem til å ta vare på natur. Ikkje minst gjennom skogvern og gjennom å stoppe at Noreg skulle vere det landet som først gjekk i gang med utvinning av mineral på havbotnen. Ei opning det blei åtvare mot internasjonalt og frå den norske miljøørsla. og som ville gitt store konsekvensar for eit økosystem vi er avhengige av.

SV si rolle i norsk politikk handlar om å presse gjennom nødvendige tiltak for å møte dei utfordringane vi står overfor. Vi viser kva som kunne vore mogleg om regjeringa hadde hatt mot til å ta dei nødvendige grepa, og vi har fått gjennom politiske endringar som utgjer ein stor forskjell i folk sine liv.

## Landsmøtet 2023

Landsmøtet 2023 blei halde på Clarion Hotel & Congress Oslo Airport på Gardermoen, frå 17. til 19. mars. Til landsmøtet møtte 168 fylkesvalde delegatar, 8 delegatar frå SU, og 39 delegatar frå landsstyret.

Landsmøtet vedtok nytt prinsippprogram og valde Kirsti Bergstø som ny partileiar.

Landsmøtet behandla også ein sikkerheitspolitisk uttale om norsk sikkerheit, beredskap og allianseforhold.

### I tillegg vedtok landsmøtet følgjande uttalar:

- Demokratisk kontroll over krafta
- Et sterkt offentlig helsevesen
- Grønn industri i 100 nye år
- Styrk den offentlige tannhelsetjenesten først
- SV fordømmer Tyrkias brudd mot internasjonal rett og menneskerettigheter

## Styrande organ

### Landsstyret

Landsstyret gjennomførte fem ordinære møte i 2023, samt eit digitalt møte i framkant av landsmøtet for å innstille på konstituering av landsmøtet. Landsstyret handsama totalt 45 saker i 2023. I 2024 gjennomførte landsstyret fem ordinære møte i, og handsama totalt 42 saker i løpet av året.

Landsstyret sin arbeidsplan og budsjett gjer retninga for organisatoriske prioriteringar, og i førre landsstyreperiode gjekk landsstyret over frå eittårige til fireårige planperiodar. Dei første fireårige plandokumenta blei vedteken for perioden 2022-2025, og blei revidert halvvegs i planperioden, ved inngangen til 2024. Landsstyret rapporterer i denne beretninga på korleis ein har arbeidd for å nå dei måla ein har satt seg for det organisatoriske arbeidet.

I 2023 vedtok landsstyret nye etiske retningslinjer for partiet og oppdaterte rutineane for trygge møteplassar og varsling. I mars 2024 vedtok landsstyret notatet "Strategiske valg inn mot valget 2025" som eit politisk og organisatorisk utgangspunkt for valkamparbeidet fram mot 2025.

Landsstyret bar både i 2023 og 2024 gitt innspel til alternativt statsbudsjett og forhandlingane med regjeringa om statsbudsjettet..

## Uttalar frå landsstyret

Landsstyret har vedteke følgjande uttalar i perioden:

### 2023

- Alle har rett til god helse og omsorg
- Stans Gaza-krigen!
- SV krev kraftfulle grep for trygge og gode levekår
- SV krever en ny Nord-Norgeplan
- Ansvarlig skjerm- og mobilbruk i barnehage og skole
- Gi funksjonshindrede studenter en statlig BPA-ordning
- SV vil tette kunnskapshola om havvind
- Gjer ord til handling – Vern Sandsfjordsområdet
- Grunnrenteskatt på havbruk må bidra til fordeling og miljø
- Rusforebygging som fungerer
- Sex er mer enn samleie – vi krever bedre seksualitetsundervisning nå
- Stopp innføringen av studieavgift for utenlandsstudenter
- Et mer rettferdig pensjonssystem
- Bevar og styrk sexkjøpsloven

### 2024

- Yrkesskaderegelverket må moderniseres
- Solidaritet med kurdernes kamp mot undertrykkelse og menneskerettighetsbrudd
- En rettferdig fred for et fritt Ukraina
- Nei til norske krigsskip mot Kina
- Trygge kvinner er sunne kvinner
- Demokratisk digitalisering
- Oppgjør med fornorskningsspolitikk og urett
- SV vil stoppe nedbygging av naturen
- Norge må si nei til EUs nye asylpakt
- Slik får vi nok kraft uten store kraftprosjekter i naturen
- Pensjonskampen fortsetter
- Kompensasjon etter ekstremvær
- Bedre helseberedskap sikres ikke med EUs helseunion

## Samansetjing av landsstyret

Landsstyret er samansett av sentralstyret, to medlemmer frå kvart av dei 15 fylkeslaga, fire utvalsleiarar valt av landsmøtet, leiar av Samepolitisk råd og 1. nestleiar i Sosialistisk Ungdom.

### Sentralstyret:

Sjå eige kapittel for samansetjing av sentralstyret og omtale av deira arbeid.

### Utvalsleiarar og andre representantar:

Gunnell E.G. Sandanger, miljøpolitisk leiar, Oslo

Vara: Ingrid Opedal, Møre og Romsdal

Heming Olaussen, EU/EØS-politisk leiar, Vestfold

Vara: Oddrun Årflot, Møre og Romsdal

Gjermund Skaar, internasjonal leiar, Akershus

Vara: Martine Kopstad Floeng, Oslo

Camilla Ahamath, inkluderingspolitisk leiar, Vestland

Vara: Aram Karim, Vestfold

Lina Maria Karlsen, leiar av Samepolitisk råd

Eirin Miljeteig Helgesen, 1. nestleiar i SU, Najma Ahmed frå juni 2024

### Landsstyreprerentantar frå fylka:

#### Trøndelag

Ottar Michelsen

Victoria Skjønhaug

1. vara: Tore Aasheim

2. vara: Hilde Danielsen

3. vara: Per Kristian Dotterud, Marcus Helgesson Svenning frå mars 2024

4. vara: Gunn Kaaløy Spilling, Anne Kolstad frå mars 2024

#### Agder

Mali Steiro Tronsmoen

Fredrick Høyer-Berntsen

1. vara: Tonje Jondahl Alvestad

2. vara: Helge Thorbjørnsen

3. vara: Anniken Thomassen

4. vara: Eva Hinlo

### **Troms**

Parabaran Rajalingam

Marianne Bilden

1. vara: Bjarne Rohde, Astrid Løkholm-Båtnes frå mars 2024
2. vara: Astrid Løkholm-Båtnes, Bjarne Rohde frå mars 2024
3. vara: Heidi Hilmarsdotter Hansen, Anne Birgit Nilsen frå mars 2024
4. vara: Pål Schreiner Mathiesen

### **Finnmark**

Amy Brox Webber

Alf Normann Hansen

1. vara: Daniel Arnrup-Øien, Anita Ingebrigtsen frå mars 2024
2. vara: Anita Ingebrigtsen, Trond Odin Rønbeck frå mars 2024
3. vara: Trond Odin Rønbeck, Orinta Kersnauskaite frå mars 2024
4. vara: Orinta Kersnauskaite, Tore Grøtte frå mars 2024

### **Østfold**

Espen Endal

Heidi Larsen

1. vara: Barham Azadi
2. vara: Linda Andal
3. vara: Asbjørn Grønland
4. vara: Christine Ruud, til mars 2024

### **Møre og Romsdal**

Bjørn Jacobsen, Gert Rietman frå mars 2024

Marit Aklestad

1. vara: Yvonne Wold, Line Karlsvik frå mars 2024
2. vara: Anders Lindbeck, Yvonne Wold frå mars 2024
3. vara: Line Karlsvik, Jenny Alvestad Aarnes frå mars 2024
4. vara: Jan Drahos, Håvard Brændeland frå mars 2024

### **Vestland**

Hege Lothe

Sara Bell, Jarle Brattespe frå mars 2024

1. vara: Rafael Cobo, Vibeke Johnson frå mars 2024
2. vara: Vibeke Johnsen, Kristin Hartvedt frå mars 2024
3. vara: Jonas A. Foldnes, Milkissa Wodajo frå mars 2024
4. vara: Gaute Losnegård, Kai Øystein Søvda frå mars 2024



### **Innlandet**

Anne Lise Fredlund

Amund Røhr Heggelund, Bjørnar Tollan Jordet frå mars 2024

1. vara: Pernille Ødegaard, Kjersti Tommelstad frå mars 2024
2. vara: Helge Midthun, Niklas Aas Skovdahl frå mars 2024
3. vara: Stine Akre, Pernille Ødegaard frå mars 2024
4. vara: Elias Halvorsrud, Stine Akre frå mars 2024

### **Oslo**

Sunniva Holmås Eidsvoll

Kristian Takvam Kindt, Steinar Heldal frå mars 2024

1. vara: Marianne Borgen, Una Pasovic frå mars 2024
2. vara: Omar Samy Gamal, Luka Dyrnes frå mars 2024
3. vara: Una Pasovic, Geir Kjetil Sandve frå mars 2024
4. vara: Steinar Heldal, Omar Samy Gamal frå mars 2024

### **Buskerud**

Audun Hammer Hovda, Njål Vigleik Grene-Johnsen frå juni 2024

Kathy Lie

1. vara: Njål Vigleik Grene-Johnsen, Kari Strande frå juni 2024
2. vara: Rose Jahanfarah, Andreas Evenstuen frå juni 2024
3. vara: Andreas Evenstuen, Rose Jahanfarah frå juni 2024
4. vara: Kari Strande, til juni 2024

### **Rogaland**

Ingrid Fiskaa, Heidi Bjerga frå mars 2024

Irmelin Sangolt Tjelflaat

1. vara: Joakim Ramsland, Ingrid Fiskaa frå mars 2024
2. vara: Monika Kvilhaugsvik
3. vara: Eva-Tone Breivik
4. vara: Øystein Nereng

### **Nordland**

Åshild Pettersen

Christian Torset

1. vara: Aase Refsnes
2. vara: Kristian Johnsen Haukalid
3. vara: Jitse Buitink
4. vara: Ragne Johnsen Megård

### **Akershus**

Haitham El-noush

Stine Høivik

1. vara: Nicholas Wilkinson, Mari Skogli Eriksen frå mars 2024
2. vara: Eva-Britt Myklebust
3. vara: Sheida Sangtarash, Atle Hillestad frå mars 2024
4. vara: Anne Sofie Johnsrud, Tor Sparhell frå mars 2024

### **Telemark**

Øyvind Olsen

Anne Kjendsheim

1. vara: Jan Egil Weiseth
2. vara: Anne Evjen
3. vara: Linda Pettersen
4. vara: Øystein Høgtveit, Sanja Pasovic frå mars 2024

### **Vestfold**

Olav Sanness Vika

Grete Wold

1. vara: Aram Karim
2. vara: Adele Johanne Mathisen
3. vara: Stein Vidar Samuelsen
4. vara: Sara Ude Hasle

### **Representantar med tale- og forslagsrett:**

Endre Flatmo, tilsettrepresentant

Cathrin del Rio Honningsvåg, Skeive sosialistar

Kaja Meek Olsen, SVs Funkisnettverk

Augusta Moen Opsahl, Sosialistiske studentar

Minoritetsnettverka og Sosialistiske studentar er gjennom landsstyret sin forretningsorden gitt tale- og forslagsrett i landsstyret.

## Utval satt ned av landsstyret

### Internasjonalt utval:

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Gjermund Skaar, leiar, Akershus
2. Oda Sofie Heien Larsen, Oslo
3. Beathe Øgård, Oslo, til 2024
4. Martine Kopstad Floeng, Oslo, til november 2024
5. Haitham El-noush, Akershus
6. Stine Østnor, Troms, til 2024
7. Per Botolf Maurseth, Oslo
8. Rolf Vestvik, New York
9. Charlotte Lysa, Oslo
10. Mahmood Ahmad, Akershus
11. Rafael Cobo, Vestland
12. Celia Lima, Oslo
13. Elisabeth Aaserød, Rogaland
14. Amy Brox Webber, Finnmark
15. Alexander Lange, Akershus
16. Tora Systad Tyssen, Oslo, frå september 2024
17. Kaja Yngsdal Hilleren, Buskerud, frå september 2024
18. Ida Cathrine Ruud, Akershus, frå september 2024
19. Bjarne Rohde, Troms, frå september 2024
20. Kaja Yngsdal Hilleren, SU, Jack Schønberg frå juni 2024

### Kvinnepolitisk utval:

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Maria Bonita Igland, leiar, Oslo
2. Stine Høivik, Akershus
3. Sidsel Fjelltun, Oslo
4. Maiken Sætran Lium, Oslo
5. Aurora Eck Nilsen, Oslo
6. Sulaksana Sivapatham, Oslo
7. Karin Harnæs, Oslo
8. Eira Martinsen Garrido, Vestland
9. Ellen Hagen, Vestland, til 2024
10. Adele Mathisen, Vestfold
11. Maja Sandvik Lockert, Troms
12. Frøydis Sund, Innlandet
13. Lise Langåker, Rogaland
14. Nisrin El Morabit, Trøndelag
15. Kari Mette Fjell, Østfold
16. Anija Markovina Wormsen, Agder, frå september 2024
17. Linnea Sandsberg, SU, Ella Beate Helland Lyngstad frå juni 2024

**Fagleg utval:**

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Astrid Kjelsnes, leiar, Trøndelag
2. Marianne Sæhle, Vestland
3. Ingunn Gjerstad, Oslo
4. Tine Olsen, Nordland
5. Sara Bell, Vestland
6. Esben Smistad, Oslo
7. Atle Forfang Rostad, Oslo (Rogaland)
8. Charlott Pedersen, Akershus
9. Steinar Nørstebø, Vestland
10. Thomas Sandvik, Oslo
11. Jeanette Lea Romslo, Rogaland
12. Gunn Kaaløy Spilling, Trøndelag
13. Njål Vigleik Grene-Johnsen, Buskerud
14. Lars-Vegar Berg Pettersen, Finnmark (Troms)
15. Lena Reitan, Buskerud, til 2024
16. Reinaldo Montalvao, Troms
17. Alida Johanne Domaas, Oslo
18. Atle Oanes, Agder
19. Emma Hinderaker Pedersen, SU, Hlin-Såga Kyrkjeøy frå juni 2024

**Miljøpolitisk utval:**

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Gunnell E.G. Sandanger, leiar, Oslo
2. Ingrid Opedal, nestleiar, Møre og Romsdal
3. Sigrid Bjørnhaug Hammer, Troms
4. Lars Egeland, Vestfold
5. Ingrid Petrikke Olsen, Finnmark
6. Robin Hansson, Agder
7. Ragnhild Freng Dale, Vestland
8. Morten Dåsnes, Buskerud
9. Hedwig Thiery Aresvik, Oslo
10. Dag Sandvik, Vestland
11. Silje Naper Salomonsen, Trøndelag
12. Helga Hustveit, Akershus
13. Anton Petter Hauan, Troms
14. Pernille Ødegaard, Innlandet
15. Viktor Moe Hegerberg, SU, Jonas Aleksander Foldnes frå juni 2024

**Inkluderingspolitisk utval:**

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Camilla Ahamath, leiar, Vestland
2. Aram Karim , Vestfold
3. Sunniva Isis DeLeon , Oslo
4. Torgeir Selboe, Nordland
5. Bulent Dogani , Innlandet
6. Heidi Bjerga, Rogaland
7. Attia Mirza Mehmood, Oslo
8. Latifa Nasser, Trøndelag
9. Gülay Kutal, Oslo
10. Munfoncol Tshiyoyo, Troms
11. Silje Oscar Heltne, Vestland
12. Abdalla Ali Mohammed, Troms
13. Muntassir Elsayed, Vestfold
14. Najma Ahmed, SU, Mina Minaie frå juni 2024

**EU/EØS-utvalet:**

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Heming Olaussen, leiar, Vestfold
2. Oddrun Årflot , Møre og Romsdal
3. Morten Harper, Trøndelag
4. Heidi Larsen, Østfold
5. Tor Brostigen, Oslo
6. Ranveig Kjelsnes, Innlandet
7. Daniel Charles Hextall, Oslo, til 2024
8. Kay Erling Ludvigsen, Troms
9. Ellen Marie Ervik, Troms
10. Lars Erik Keskitalo, Telemark
11. Paul Magnus Gamlemshaug, Agder, til 2024
12. Hlin-Såga Kyrkjeøy, Vestland
13. Audun Hammer Hovda, Buskerud
14. Sania Aliza Shabir, Oslo
15. Fredrik Tønnesen, Rogaland, frå september 2024
16. Guro Steinholt, SU

## Sentralstyret

Sentralstyret hadde 14 møter i 2023, og handsama til saman 96 saker. I 2024 hadde sentralstyret 12 møter, og handsama til saman 76 saker.

### Sentralstyret i perioden:

Leiar og parlamentarisk leiar: Kirsti Bergstø

Nestleiar: Torgeir Knag Fylkesnes

Nestleiar: Marian Hussein

Partisekretær: Audun Herning

AU-medlem: Aila Emilie Kamaly

Sentralstyremedlem: Gina Barstad

Sentralstyremedlem: Ådne Naper

Sentralstyremedlem: Kerim Hestnes Nisancioglu

Sentralstyremedlem: Astrid T. Kjelsnes

Sentralstyremedlem: Maria Bonita Igland

SU-leiar: Synnøve Kronen Snyen, Audun Hammer Hovda frå juni 2024

Varamedlemmer:

1. varamedlem: Hilde Danielsen

2. varamedlem: Amund Røhr Heggelund

3. varamedlem: Tonje Jondahl Alvestad

4. varamedlem: Sara Bell

## Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet har i perioden vore samansett av partileiar Kirsti Bergstø, nestleiar Torgeir Knag Fylkesnes, nestleiar Marian Hussein, partisekretær Audun Herning og AU-medlem Aila Emilie Kamaly. AU har hatt 27 møter i 2023 og 27 i 2024.

# Organisatorisk utvikling

## Medlemmer

### Medlemsutvikling 2022-2024, fordelt på fylka

Fylkeslag	31.12.2022	31.12.2023	31.12.2024	Endring i tal 2022-2024	Endring i % 2022-2024
Agder	728	736	745	17	2,2
Innlandet	922	955	994	72	7,2
Møre og Romsdal	680	720	723	43	5,9
Nordland	886	967	974	88	9
Oslo	3 495	3 459	3 482	-13	-0,3
Rogaland	1 007	1 018	1 074	67	6,2
Troms	* 1 105	721	727	* 41	* 3,5
Finnmark		414	419		
Trøndelag	1 512	1 484	1 476	-36	-2,4
Vestfold	** 1 039	480	491	** -14	** -1,3
Telemark		544	534		
Vestland	2 110	2 101	2 139	29	1,3
Akershus	*** 2 425	1 401	1 389	*** -8	*** -0,3
Buskerud		541	545		
Østfold		496	483		
SV sentralt	43	48	45	2	4,4
<b>Totalt</b>	<b>15 952</b>	<b>16 085</b>	<b>16 240</b>	<b>288</b>	<b>1,7</b>
Endring frå året før	- 975	133	155		
Endring i % frå året før	-5,8	0,8	1,0		
Betalande medlemmer	14 524	15 083	14 427		
Auke i prosent	-5,4	3,8	-4,3		
Nye medlemmer	968	822	1 327		
Aktive utmeldingar	-950	- 904	-762		

\* Tal for 2022 gjeld Troms og Finnmark SV, og endringa 2022-2024 gjeld Troms SV og Finnmark SV samla.

\*\* Tal for 2022 gjeld Vestfold og Telemark SV, og endringa 2022-2024 gjeld Vestfold SV og Telemark SV samla.

\*\*\* Tal for 2022 gjeld Viken SV, og endringa 2022-2024 gjeld Akershus SV, Buskerud SV og Østfold SV samla.

## Lokallag

### Utvikling i talet lokallag 2022-2024, fordelt på fylka

Fylke	31.12.2022	31.12.2023	31.12.2024
Agder	13	14	14
Innlandet	29	31	32
Møre og Romsdal	21	23	23
Nordland	32	32	32
Oslo	16	16	16
Rogaland	17	17	17
Troms	* 30	17	17
Finnmark	-	14	14
Trøndelag	29	29	28
Vestfold	** 18	6	6
Telemark	-	12	12
Vestland	33	*** 44	41
Akershus	**** 40	21	20
Buskerud	-	13	13
Østfold	-	7	7
	<b>278</b>	<b>296</b>	<b>292</b>

\* Summen gjeld Troms og Finnmark SV

\*\* Summen gjeld Vestfold og Telemark SV

\*\*\* Frå og med 2023 er dei 11 bydelsslaga i Bergen teke med i statistikken

\*\*\*\* Summen gjeld Viken SV



## Landsstyret sitt arbeid 2023-2024

Ved inngangen til 2022 vedtok landsstyret arbeidsplan og budsjett for perioden 2022-2025. Desse blei revidert halvvegs i perioden. Landsstyret rapporterer i denne beretninga dermed på arbeidet for år to og tre i fireårsperioden.

Landsstyret sin arbeidsplan er bygd opp med ni overordna mål for kvar ein ønskjer at partiet skal vere i 2025, med delmål og konkrete tiltak for å nå desse. Dei overordna måla har lagt fast for heile fireårsperioden, og revisjonen av arbeidsplanen halvvegs i perioden handla meir om justering av tiltak enn endring av kurs.

Å bygge ein sterk partiorganisasjon har vore sentralt i arbeidsplanperioden. Vi er i ei tid med store endringar i korleis politiske parti kan kommunisere med omverda. I takt med at tradisjonelle medium mister oppslutnad, blir medlemmene en stadig viktigare del av arbeidet med å nå ut med budskapet vår. Ein sterkare lokalorganisasjon er difor ein føresetnad for politisk gjennomslag og vidare vekst. Landsstyret har særleg prioritert skoloring av partiorganisasjonen og oppfølging av dei folkevalde.

Nedanfor følgjer ei omtale av dei måla landsstyret har satt seg ein omtale av kva aktivitetar som er gjennomført for å nå desse, og ei vurdering av i kva grad landsstyret sine målsetjingar er nådd.

### Partiet skal jobbe meir utoverretta

Arbeidsplanen for 2022-2025 fastslår:

*«Den kanskje viktigste delen av partiets arbeid handler om å møte folk. Dette er avgjørende for å kunne ta opp folks problemer i, få innspill og forståelse av hva som må endres og også forklare partiets politikk og standpunkt. Å arrangere åpne møter i partiet er viktig for å utvikle politikken vår, og for å rekruttere nye medlemmer. Enda viktigere er det å oppsøke folk der de er – på arbeidsplasser, i ulike foreninger og lag og på lokale møtesteder.»*

Den viktigaste jobben for eit politiske parti er å finne løysingar for folk sine problem, og overtyde dei om at vår politikk kan hjelpe dei i kvardagen. Gjennom å arrangere opne møter og andre utoverretta arrangement kan vi både nå veljarar og stimulere til at fleire melder seg inn i partiet. Det har difor vore arbeidd mykje med malar og konsept for gode arrangement i partiorganisasjonen. Som ein del av førebuinga til stortingsvalkampen vil det i tillegg bli lansert nye arrangementskonsept som spesielt er tilpassa partileiaren sin profil, slik at ho møte endå fleire veljarar og potensielle medlemmer.

Landsstyret har satt som mål at alle lokallag skal gjennomføre minst eitt årleg arrangement som er ope for ikkje-medlemmar, og tildelingar frå organisasjonsfondet blir brukt aktivt for å stimulere til dette. Både i 2023 og i 2024 har vi hatt ei ordning førehandsgodkjende arrangement, som gjer at lokallag og fylkeslag er sikra midlar til å gjennomføre slike aktivitetar. Landsstyret har prioritert å auke storleiken på organisasjonsfondet for budsjettåra 2024 og 2025 mellom anna for å kunne gje støtte til fleire slike aktivitetar.

Summen av dette er at partiet har hatt meir sentral støtte til lokale arrangement enn tidlegare.

Alle arrangementsmalar blir lagt i Ressursbanken, saman med nettsaker frå lokallag som har gjennomført ulike typar arrangement, til inspirasjon for andre. Malane for arrangement vart revidert før valet i 2023, og vil bli revidert vinteren 2025, slik at dei er tilpassa stortingsvalet.

Eit viktig mål har vore at det skal vere lett å finne arrangement og aktivitetar organisert av partiet, slik at vi kan få fleire og meir aktive medlemmer. Ved hjelp av aktivistplattforma Zetkin kan medlemmar no enkelt få oversikt over og melde seg på aktivitetar og arrangement gjennom SV sin eigen app, «SV-appen».

I oktober 2024 gjennomførte SV den nasjonale konferansen «Sosialisme på norsk» i Oslo. Denne var open for medlemmar og andre interesserte, og over 350 personar deltok, og både programmet og konferansen fekk særskilde gode tilbakemeldingar.

SV sine programprosessar, både i samband med lokalvalet og i prosessen for nytt arbeidsprogram, har lagt opp til innspelsrundar frå organisasjonar, lokalsamfunn og enkeltpersonar. Programkomiteen har også reist mykje for å delta i diskusjonane i partiorganisasjonen. Det er også første gang det er den same komiteen som har utarbeidd forslag til både prinsippprogram og arbeidsprogram på to etterfølgjande landsmøte. Dette har medverka til at eit tydelegare skilje mellom dokumenta, og at dei utfyller kvarandre betre enn før.

## Ein meir aktiv medlemsmasse

Arbeidsplanen for 2022-2025 fastslår:

*«SVs formidable medlemsvekst må føre til en tilsvarende vekst i aktivitet. Det innebærer at lokallag må jobbe slik at de trenger aktive medlemmer også utover de med verv. Hvordan dette gjøres må tilpasses lokalt da det er stor forskjell mellom både lokallag og lokalsamfunn. Felles er at vi må ha aktiviteter for medlemmene, sikre at medlemmene blir tatt godt imot og at de får den nødvendige oppfølgingen til å bli aktive.»*

Medlemmene er vår største ressurs, og det har vore viktig for landsstyret at partiet kan tilby aktivitetar som kan samle og aktivisere medlemmene. Korleis partiet møter og tek imot nye medlemmar er heilt avgjerande for om partiet lukkast med å aktivisere ein større del av medlemsmassen. Det viktigaste arbeidet skjer i lokallaga, som har ansvaret for å ta direkte kontakt med nye medlemmar. Dette er det lagt stor vekt på i utviklinga av SV si skoloring av tillitsvalde.

Partiet har to viktige digitale verktøy i arbeidet med å skape meir aktivitet blant medlemmane: SV-appen og Zetkin. Appen gjer det mogleg for medlemmar, uavhengig av kor mykje tid ein har, kvar ein bur eller kva ein er oppteken av, å vere ein del av fellesskapet i partiet og bidra på sin måte gjennom å løyse oppgåver og halde seg oppdatert. Zetkin blir

brukt for å kartlegge og gi oppgåver til medlemmar basert på eigne ønskjer og ressursar og oppretthalde kontakt med medlemmar.

Stadig fleire lokallag er no innlemma i Zetkin-systemet. Ved utgangen av 2024 er det 53 lokallag som har brukarar. Dette er gode tal og viser at ein stadig større del av organisasjonen kjenner til og kan bruke systemet. Likevel er det viktig å påpeike at dette ikkje i seg sjølv løyser den direkte kontakten mellom tillitsvalde og medlemmar som systemet er bygd for. Arbeidet med Zetkin har tydeleggjort kor lite kontakt mange lokallag har med eigne medlemmer. Utfordringa ligg i å få lokallag, fylkeslag og tillitsvalde til å bruke systemet for å ringe, halde kontakt med og aktivisere medlemmar. Lokallag som har gjort dette har opplevd meir aktivitet i valkamp, fleire som deltek på møte og høgare tilbakebetalingsrate. Det må framleis gjerast ein felles innsats på alle nivå i partiet om vi skal få ein ringekultur som bidrar til å gi oss ein meir aktiv medlemsmasse.

Det er gjennomført årlege medlemsundersøkingar. Undersøkingane inneheld dei same spørsmåla frå år til år, slik at det er mogleg å sjå korleis medlemmen sine ønskjer og behov utviklar seg over tid. Spørsmåla dreier seg for eksempel om kva som står i vegen for at ein får engasjert seg på den måten ein sjølv ønskjer, og er derfor eit viktig verktøy i arbeidet med å få engasjert stadig fleire medlemmar.

Merkedagane våre er viktige for å skape aktivitet i organisasjonen. 8. mars, 1. mai og 5. juni er gode høve til å samle medlemmar og sympatisørar til både politisk skolering og sosiale samkomer, noko som medverkar til å skape eit parti som heng saman. Det blir lagt vekt på å lage kampanjar som kan tilpassast lag med ulike størrelse. Dei siste åra har den internasjonale situasjonen prega bodskapen vi har hatt rundt desse dagane.

Det er elles lagt vekt på å ha eit godt samarbeid med SU, både i valkampar og drifta elles, og i større grad gjennomføre felles kampanjar og medieutspel.

## Godt skolerte tillitsvalde og kandidatar

Arbeidsplanen for 2022-2025 fastslår:

*«En forutsetning for organisatorisk vekst og endring i måten vi jobber på er tillitsvalgte som er godt skolerte i vervet, som kjenner til ressursene fylket og sentralt kan bidra med og som kjenner til de organisatoriske og politiske prioriteringene til landsstyret og fylket. Alle lokallagsledere og fylkesledere skal gjennomføre grunnskolering for tillitsvalgte, og få tilbud om videre skolering med fokus på rollen som leder og utvikling av SV som organisasjon»*

Det har blitt lagt ned eit omfattande arbeid med å få på plass et heilskapleg skoleringssystem. Særleg har det vore prioritert å få på plass system som sikrar at alle tillitsvalde skal vere sikra ei grunninnføring i vervet.

SV si skoleringsrekke for tillitsvalde er sentral i grunnskoleringa for organisasjonen, og fylkeslaga har ansvar for at denne blir gjennomført årleg, i sine fylke. Skoleringsrekka er samansett av seks ulike kurs.

Det blir lagt vekt på at tillitsvalde skal lære av kvarandre, og at særleg tillitsvalde med leiarverv skal få tilbod om ytterlegare skolering i rolla si. Det har difor blitt danna eit nasjonalt lokallagsleiarforum der lokallagsleiarar har fått utveksle erfaringar med kvarandre og fått skolering som gjer dei tryggare i rolla. Foruma har blitt gjennomført digitalt ein gang i halvåret og har hatt tema som møteleiing, medlemskontakt, mobilisering og årsmøteførebuingar.

I juni 2024 vart det gjennomført ei samling i Oslo med ei pilotgruppe av lokallagsleiarar frå heile landet for å teste og utvikle eit nytt kursopplegg for lokal- og fylkeslagsleiarar. Pilotgruppa er med i vidare utvikling av opplegget som skal rullast ut i 2025.

I tillegg har det blitt gjennomført ulike digitale kurs for tillitsvalde i tema som økonomi, medlemshandtering, sosiale medium, Brandmaster, samt gjennomført ein større inspirasjonskveld med partileiar Kirsti Bergstø for alle lokallagsstyre. Over 300 tillitsvalde deltok på dette.

Ei viktig satsing har også vore å få på plass eit digitalt e-læringsystem, slik at kurs og opplæring skal vere lett tilgjengeleg. Det første kurset på denne plattformen vil bli testa ut på tillitsvalde i partiet i etterkant av lokallagsårsmøta vinteren 2025.

For å gjere skoleringstilbodet forutsigbart og oversikteleg har det også blitt publisert eit årshjul og ein kurskalendar i Ressursbanken slik at tillitsvalde kan planleggje året. Lokallagshandboka har også blitt ytterlegare fornya.

Planlegginga av skoleringsløpet for stortingsvalet 2025 er i gong. For valkampen i 2023 var kandidatskoleringa nivå delt. Alle kandidatar fekk grunnskolering i politikk og valkamp, og invitasjon til å følgje to livesendingar med partileiar Kirsti Bergstø med gjestar. Kumulerte kandidatar fekk i tillegg invitasjon til nettkurs tysdagar og torsdagar på vårparten, der stortingsrepresentantane fortalde om aktuelle saker innanfor sine fagområde på tysdagar, og torsdagane gjekk til praktisk og politisk skolering i kommunepolitikk. Førstekandidatane vart inviterte til fysisk kandidatsamling på Gardermoen i juni 2023. Dei fekk tilsendt nyheitsbrev kvar veke, og i den intensive valkampen fleire gonger i veka.

Nyheitsbrevet inneheldt forslag til lesarbrev, utspel, forslag til svar på spørjeundersøkingar, argumentasjonsnotatar og anna nyttig informasjon, og vart sendt til førstekandidatar som kunne fordele brevet vidare til andre på lista lokalt. Nyheitsbrevet og all anna nyttig informasjon vart publisert og tilgjengeleggjort i Kandidatportalen, på Ressursbanken, som var passordbeskytta med passord som førstekandidatane fekk tilgang på.

I samband med lokallagsårsmøta i 2023 og 2024 blei det gjennom eit samarbeid mellom partikontoret og stortingssekretariatet planlagt og gjennomført mange årsmøtebesøk. Både stortingsrepresentantar, arbeidsprogramkomiteen, utvalsleiarar og tilsette på partikontoret og Stortinget sto for besøka. Under årsmøtesesongen i 2024 blei det gjennomført i underkant av 70 besøk, noko som er ny rekord. Dette kjem i tillegg til besøk på fylkesårsmøta.

## SV sine folkevalde har god oppfølging

Arbeidsplanen for 2022-2025 fastslår:

*«SVs folkevalgte, i alle ledd, er våre viktigste ansikt utad. Troverdigheten til disse i sine lokalsamfunn er en forutsetning for troverdigheten nasjonalt. Å sørge for at de folkevalgte har den nødvendige opplæringen, støtten og tilfang av ideer og forslag er avgjørende for at vi skal kunne bygge troverdighet i lokalsamfunn.*

*At de folkevalgte har god kontakt med innbyggere og lokalsamfunn i sine områder, og kjenner de sakene folk er opptatt av, er også avgjørende for at vi skal kunne bygge troverdighet i lokalsamfunn.»*

SV sine folkevalde skal oppleve å gå god oppfølging, råd og bistand når dei ber om det, og kjenne at partiet støttar dei i arbeidet. Dette er avgjerande for å sikre at dei folkevalde kan utføre oppgåvene sine effektivt og med tryggleik. Det er også viktig at våre folkevalde føler seg som ein del av eit fellesskap, der dei kan drøfte saker og lære av andre SV-arar med tilsvarande roller.

For å oppnå dette, er det lagt vekt på å gi dei folkevalde dei verktøya og støtta dei treng for å lukkast. Slik kan våre folkevalde bli inspirert og styrka i sitt politiske arbeid, og bli satt i stand til å representere partiet på best mogleg måte i kommunestyre og fylkesting. Gjennom å tilby ressurspakkar, samlingar, digitale møte og nettverk, er det også lagt til rette for at våre folkevalde kan dele erfaringar og få nødvendig skoling.

Det er også vore prioritert å skape ein kultur der SV sine folkevalde føler seg støtta og verdsette. Dette er mellom gjort ved å sende ut jamlege nyheitsbrev med viktig informasjon og invitasjonar til samlingar, samt å opprette ei digital plattform der folkevalde kan finne ressursar og videoopptak frå kurs og møte.

Ved å arrangere fysiske samlingar og studieturar til utlandet, har folkevalde også fått moglegheita til å møtast ansikt til ansikt, noko som styrkar fellesskapet og gir rom for erfaringsutveksling. Det er gjennomført ein studietur til Preston i England for å sjå på innkjøpspolitikk, og København for å sjå meir på bustadpolitikk. Det er også lagt til rette for digitale møte, slik at alle kan delta uavhengig av geografi.

For å sikre at SV sine folkevalde skal vere godt førebudde og kan oppnå gode resultat for partiet, er det gitt tett oppfølging og støtte under forhandlingar om politiske samarbeid og posisjonar. Lokale folkevalde er også knytt tettare til partiet sitt arbeidet med statsbudsjettet, slik at dei kan synleggjere lokale gjennomslag og setje ein lokal vri på viktige SV-sigrar.

## Partiet er tilgjengeleg og lett å identifisere seg med

Arbeidsplanen for 2022-2025 fastslår:

*«Måten partiet framstår på er en viktig del av hvordan vi oppfattes. Vi må være bevisst på hvilke signaler vi sender i kommunikasjonen vår gjennom stilvalg, valg av avsender og retorikk. Vi må derfor ha både profiler, tilstedeværelse på ulike plattformer og billedbruk som gjør at vi kan nå ut til ulike grupper.»*

I dagens medielandskap, der informasjon og nyheiter spreier seg gjennom eit stadig skiftande utval av kanalar og sosiale medium, er det viktigare enn nokon gong å vere dynamisk og tilpassingsdyktig i vårt kommunikasjonsarbeid. Algoritmane i sosiale medium endrar seg raskt, og det som fungerte for seks månader sidan, fungerer kanskje ikkje i dag. Difor må partiet kontinuerleg prøve ut ulike budskap i forskjellige kanalar, justere det som ikkje fungerer, og vidareutvikle det som fungerer godt.

Sosialistisk Venstreparti er merkevare i seg sjølv, noko som gjer at det er viktig at alle ledd i organisasjonen har same visuelle uttrykksform. Det er arbeid med å etablere ein felles grafisk stil og felles bruk av bilete i heile partiorganisasjonen, slik at vi kan sikre at partiet har ein einskapleg visuell profil, som gjer partiet lett å kjenne att. Dette gjer det også enklare for veljarar og medlemmar å identifisere seg med oss. Det er mellom anna sørga for at alle lokallag og fylkeslag har profil- og forsidebilete på sosiale medium som er i tråd med SV sin grafiske profil.

Grafisk materiell blir i all hovudsak laga gjennom verktøyet «Brandmaster», som inneheld malar for trykksaker og materiell til sosiale medium. Dette verktøyet gjer det enklare for både lokallag og fylkeslag å følgje partiet sin grafiske profil. Det blir tilbydd jamlege kurs for å sikre at både nye og erfarne brukarar kan utnytte systemet fullt ut.

I tillegg har vi oppdatert og vidareutvikla ein biletebank for å inkludere eit breitt spekter av relevante bilete som kan brukast i utforminga av grafisk materiell. Dette er eit kontinuerleg og omfattande arbeid. Det blir lagt vekt på å utfylle banken med bilete frå dei ulike fylka, slik at ein sikrar bilete frå ulike miljø og geografiske område.

I perioden er det produsert fleire podkastar enn tidlegare, fordi vi ser at dette er ein effektiv måte å nå både medlemmar og eit breiare publikum. Sjølv om resultatata har variert, er podkastar ein kommunikasjonsform som treff mange.

## Sterke fylkeslag

Arbeidsplanen for 2022-2025 fastslår:

*«Dersom partiet skal fortsette å styrke seg organisatorisk blir det viktig å styrke og utvikle rollen til fylkeslagene. Fylkeslagene er svært ulike i både størrelse og i hvilken rolle de har opp mot organisasjonen. Fylkeslagene er bindeleddet mellom partiet sentralt og lokalorganisasjonen. Fylkeslagene har et ansvar for skolering i sine fylker. De har også et ansvar for å utvikle fylkespolitikken i sine fylker. De må være i stand til å følge opp og bistå lokallagenes arbeid og lokale folkevalgte og være det naturlige punktet for forankring av politikken både oppover og nedover.»*

Fylkeslaga er sentrale for at vi skal vere ein fungerande partiorganisasjon, og landstyret har vore oppteken av å styrke fylkeslaga sin posisjon i partiet.

Ei gjennomført kartlegging av ressursar og utfordringar i fylkeslaga viser store variasjonar fylkeslaga i mellom. Funna i kartlegginga har lagt grunnen for ei vidare satsing på å styrke fylkeslaga. I hovudsak vil dette bli gjort gjennom skolering av fylkesstyra og fylkesleiarane, tilrettelegging for større grad av erfaringsutveksling fylkesleiarane i mellom, og generelt legge til grunn for at fylkeslaga kan bruke det meste av ressursane sine på organisatorisk arbeid.

Landsstyret har i perioden satt av ekstra midlar til dei fylkeslaga som vart splitta opp igjen etter reverseringa av kommunereforma.

SV sentralt har i perioden blitt arbeidsgjevar for alle fylkessekretærar, slik at fylkeslaga og fylkesleiarane kan bruke meir av tida på organisatorisk arbeid, og ivareta ei reinare rolle som arbeidsleiar for sin fylkessekretær. Dette gjer også at det er partikontoret som handterer alt praktisk rundt tilsetjing av valkampmedarbeidarar i fylka, slik at fylkeslaga ikkje skal bruke ressursar på dette. Ei utviding av økonomifunksjonen på partikontoret har også gjort at dei fylkeslaga som ønskjer det kan kjøpe rekneskapstenester frå SV sentralt, i staden for å bruke eigne personalressursar til dette. Ved utgangen av 2024 er det 10 av 15 fylkeslag som har inngått slik avtale.

Etter kommune- og fylkestingsvalet i 2023 blei det gjennomført ei kartlegging av fylkeslaga sin økonomiske situasjon. Denne kartlegginga viser store variasjonar, både i eigenkapitalsituasjon og i korleis drifta er finansiert. Partistøtte, partiskatt og medlemsinntekter er relativt pårekeleg, men spesielt manglande felles innretning på støtte frå fylkeskommunane til både partiarbeidet og arbeidet i fylkestingsgruppene er med på å gjere forskjellane i fylkeslaga sitt finansieringsgrunnlag større.

## Bruke heile rørsla

Arbeidsplanen for 2022-2025 fastslår:

*«Selv om fylkes- og lokallag utgjør ryggraden i SV er det mye viktig aktivitet som skjer andre steder også. Vi har et stort potensial for å bruke medlemmenes kompetanse bedre og til å sikre at vi jobber bedre sammen. Utvalgene må både brukes mer og få mer støtte. Gjennom å videreutvikle nettverkene kan vi sikre at medlemmer som er interessert i ulike områder kan få et tilbud utover lokallaget.»*

Landstyret vedtok ei organisasjonserklæring mot slutten av året 2022. Denne omtalar dei ulike rollene til partileda, og har i perioden bidratt til at organisasjonsledd veit kva ein kan forvente av kvarandre. Dette har bidratt til meir smidigheit mellom dei ulike organisasjonsledda. Dei fleste fylkeslaga har også gått over til fireårige arbeidsplanar som i større grad speglar dei langsiktige og overordna måla som er definert i SV sentralt sin fireårige arbeidsplan. Dette er viktig fordi godt organisasjonsarbeid krev tid og langsiktighet.

Landsstyret sette ned nye utval etter førre landsmøte. Utvala har levert eigne arbeidsplanar til landsstyret, og det er satt av eigne budsjettmidlar til arbeid i dei ulike utvala. Utvala får også praktisk bistand frå partikontoret til organisering, annonsering og mobilisering når det blir arrangert opne møte og konferansar. Utvala har på denne måten arrangert fleire aktivitetar gjennom perioden.

Samarbeidet med Sosialistisk Ungdom (SU) er godt og det er gledeleg å sjå at organisasjonen har styrka seg i perioden. Landsstyret er oppteken av at ungdomsorganisasjonen vår skal få den støtta dei treng, mellom anna ved at våre lokallag bør bidra i SU sitt arbeid med å starte nye SU-lag. Det blir lagt til rette for praktisk samarbeid mellom SU og SV ved behov, og særleg i valkampar er det eit godt samarbeid rundt skuledebattar etc. I SV si tillitsvaldskolering blir viktigheita av eit samarbeid med SU trekt fram.

Ved å styrke studentorganiseringa i SV kan vi betre sikre dialog og samarbeid med studentane. SVs studentnettverk organiserer studentlag på ulike studiestader. Aktivitetar i studentlaga må skje i regi av laga sjølv, men for å sikre at laga har tilgang til nødvendige verktøy og ressursar, er Zetkin gjort tilgjengeleg for studentnettverket, mellom anna gjennom opplæring i bruk. Studentlaga er òg registrerte som lokallag i medlemsregisteret vårt, slik at dette kan brukast som verktøy for administrasjon og kommunikasjon med medlemmene. Per i dag har vi ikkje greidd å få til ei stabil studentorganisering som kan sikre at vi er tilstrekkeleg til stade på studiestadane.

Gjennom arbeidet til Samepolitisk råd og samarbeidet med særleg stortingsgruppa har vi styrka vår posisjon blant den samiske befolkninga i perioden. Rådet har vore viktig i utforminga av SVs politikk på område som mellom anna Fosen-saka og oppfølginga av Sannheits- og forsoningskommisjonen. Vi har også gjennom budsjettavtalane med regjeringa sikra gjennomslag for viktige samiske saker.



## Eit inkluderande folkeparti

Arbeidsplanen for 2022-2025 fastslår:

*«SV skal være et sted hvor det er lett å bli med, hvor folk føler seg velkomne og hvor det er plass til ulike synspunkt, typer folk og aktiviteter. En viktig del av dette arbeidet er å jobbe for et mangfold i bakgrunn blant medlemmer, folke- og tillitsvalgte. Særlig viktig blir det å få med grupper som er underrepresentert i politikken ellers og som har interesse av SV-politikk som minoriteter, fagarbeidere, og arbeiderklasseyrker.»*

Målet vårt om å bli eit breitt folkeparti må påverke alt frå korleis vi møter kvarandre, korleis vi gjennomfører møter og arrangement, til kven partiet gir makt og tillit gjennom tillits- og folkevalde verv. Dette er eit arbeid der ansvaret ligg på heile partiorganisasjonen, og der ein må ta politiske og organisatoriske val basert på denne målsetjinga.

Landsstyret har særleg vore oppteken av at SV skal vere eit parti der det er høgt under taket, og ha ein inkluderande og open organisasjonskultur. Landsstyret vedtek etiske retningslinjer for partiet og rutine for trygge møteplassar og varsling i 2023. Dette er viktige verktøy for å sikre trygghet, forutsigbarheit og rammer for ein god partikultur.

Kursing i god partikultur og leiing utgjer ein sentral del av tillitsvaldskoleringane våre, og vil vere ein viktig del av det nye digitale skoleringsverktøyet som no held på å bli utvikla.

Det har blitt gjort eit grundig arbeid med å oppdatere alle arrangementsmalar, der det mellom anna er henta innspel frå ressurspersonar i partiet, slik at lokallaga kan få meir støtte i å vere inkluderande for personar med funksjonsnedsetting, etniske og språklege minoritetar og generelt folk som er underrepresenterte i partiet. Det er også eit gjennomført digitalt nettmøte der deltakarane fekk ei drøfte korleis ein kan sikre mangfald og ein inkluderande partikultur.

Det er lagt vekt på å kurse val- og nominasjonskomitear i korleis ein kan sikre ein meir variert bakgrunn blant folke- og tillitsvalde i sine innstillingar. Landsstyret vedtok også i framkant av nominasjonsprosessane før vala i 2023 og 2025 eigne dokument med oppmodingar til partiorganisasjonen om å sikre gode prosessar og sørge for ei breidde og ein tydeleg profil i samansetjinga av partiet sine kandidatar. Særleg blei det oppmoda om å sjå etter kandidatar som representerer grupper som er underrepresentert i politikken ellers, som menneske med minoritetsbakgrunn, fagarbeidarar og tradisjonelle arbeidarklasseyrke.

## Ein sterkare kampanjeorganisasjon

Arbeidsplanen for 2022-2025 fastslår:

*«Kampanjer gjør det mulig for hele organisasjonen å bidra til å skape politisk press rundt saker. De viktigste kampanjene vi har er valgkampene. For at de skal bli best mulig må vi ha en kultur for utadretta kampanjearbeid. Kampanjene skal både skape politisk press og være en enkel måte for lokallag å skape aktivitet på. Partiet må også være åpne for å delta aktivt i kampanjer organisert av våre allierte i ulike bevegelser, og vise at SV-ere er til å stole på, og er villige til å ta tverrpolitisk ansvar.»*

Etter nokre år med redusert aktivitet som følgje av pandemien, ser det ut til at aktiviteten i partiorganisasjonen har teke seg opp. Forhåpentlegvis skuldast noko av dette ein målretta innsats for å styrke kampanjeorganisasjonen og engasjere medlemmar og lokal- og fylkeslag til aktivitet. Aktivitet og deltaking knytt til dei tre store merkedagane 8. mars, 1. mai og 5. juni har vore spesielt viktig, for å synleggjere partiet sitt forhold til desse dagane.

Hovudfokuset har vore å engasjere medlemmar og lokal- og fylkeslag til aktivitet, og vi har sett stor verdi i å mobilisere til brei deltaking. Det er også gjennomført kampanjar rundt aktuelle nasjonale saker for å oppmode til brei aktivitet og samkørde budskap. Dette har hjulpet oss å forstå kva som fungerer og ikkje fungerer, og har gjort oss meir bevisste på korleis vi kan fornye oss og tiltrekkje oss målgruppene. I samband med valkampen 2023, gjennomførte vi aksjonsdagar for å spreie eit samla budskap og mobilisere lokallag til aktivitet. Erfaringane frå desse dagane har vist at mange lag er ivrige etter å markere seg og bidra til partiets suksess.

Ressursbanken er også fornya med ressursar og SV-appen er vidareutvikla for å gjere det enklare for medlemmar å delta i aktivitetar og arrangement. Dette har vore viktig for å styrke samhaldet og engasjementet i organisasjonen.

SV har tidleg starta arbeidet med å utarbeide planar og strategiar for valkampgjennomføring i alle ledd i organisasjonen, basert på kunnskap og erfaring frå tidlegare valkampar. Dette har vore avgjerande for å sikre ei heilskapleg og effektiv valkampanje.

Lokallaga har også vore oppmoda om å velje kandidatar tidleg, slik at ein kan arbeide med å synleggjere og gjere dei kjende. Under landsmøtet 2023 vart det etablert ein "fabrikk" for å lage marknadsføringstiltak rundt kandidatane, noko som har bidrege til å styrke deira profil.

Gjennom heile oppkøringa til valkampen vart det køyrt digitale skoleringssamlingar og utvikla skoleringsspakkar for å setje flest mogleg i stand til å argumentere for SVs politikk. Dette har vore viktig for å sikre at alle medlemmar er godt førebudde og engasjerte.

På slutten av 2024 innførte vi eit nytt system for innsamling av midlar frå medlemmar og sympatisørar. Systemet blir administrert sentralt, men fordelt til lokallag, fylkeslag og sentralt etter ein fordelingsnøkkel.

## Vedlegg

### Tilsette i perioden

Ved utgangen av perioden har SV 30 tilsette. Dette er fordelt på 17 stillingar og 16 årsverk på partikontoret, og 13 stillingar og 11,6 årsverk i fylka. I tillegg har to tillitsvalde blitt frikjøpt heile eller delar av i perioden.

Landsstyret har styrka ressursane på partikontoret i tråd med satsingane i arbeidsplanen, ved at det har blitt oppretta eigne stillingar for å arbeide med oppfølging av folkevalde og skoloring av medlemmer og tillitsvalde, samt styrka økonomifunksjonen for å kunne levere rekneskapstenester til dei fylkeslaga som har ønskt å kjøpe dette frå partikontoret.

Frå 1.1.2023 er alle medarbeidarar i fylkeslaga tilsett i SV sentralt. Det er inngått eigne avtalar med fylkeslaga om finansiering av fylkessekretærstillingane, og desse blei sist blei reforhandla med verknad frå 1.1.2024. Avtalane regulerer også at det er fylkeslaga ved fylkesleiar som utøver arbeidsleiaransvar for fylkessekretærene, medan SV sentralt har det formelle arbeidsgjevaransvaret.

### Løna tillitsvalde

Namn	Stilling	2023	2024
Audun Herning	Partisekretær	Heile året	Heile året
Aila Kamaly	AU-medlem (30% frikjøp)	-	Frå 1.9.

### Fast tilsette

Namn	Stilling	2023	2024
Eli Ulvestad	Dagleg leiar	Heile året	Heile året
Dag Kühle-Gotovac	Økonomileiar	Heileåret	Heile året
Marit Nagel Rønningen	Økonomirådgjevar	Heile året	Heile året
Therese Häger-Lindegaard	Økonomirådgjevar (70%)	Frå 1.11.	Heile året
Kristian Fjellanger	Leiar for kampanjeavdelinga	Heile året	Heile året
Henriett Røed	Kampanjerådgjevar	Permisjon 1.1.- 24.3.	Heile året
Jørgen Hammer Skogan	Folkevaltrådgjevar	Heile året	Heile året
Jens Karlsen	SoMe-rådgjevar	Heile året	Heile året
Silje Amundsen Faugli	Grafisk rådgjevar (80%)	Heile året	Heile året
Solomon Kamara	Kampanjemedarbeidar	-	Frå 1.4.
Endre Flatmo	Leiar for organisasjonsavdelinga	Heile året	Heile året
Nils-Erik Aasen Flatø	Organisasjonsrådgjevar	Heile året	Heile året
Felix Vaager	Organisasjons- og IT-rådgjevar	Heile året	Heile året
Stine Solvoll Navarsete	Organisasjonsrådgjevar	Heile året	Heile året
Håkon Paulsen Torset	Organisasjonsrådgjevar	-	Frå 1.10.
Selyn Fararuni	Administrasjonssekretær	Heile året	Heile året
Janne Grøttumsbråten	Administrasjonssekretær (50%)	Heile året	Heile året

Namn	Stilling	2023	2024
Rakel Hagen Olsen	Distriktssekretær, Troms SV og Finnmark SV	Permisjon 1.8.-31.12	Heile året
Ina Nyås Moe	Fylkessekretær, Nordland SV	Heile året	Permisjon frå 14.2.
Ida Husby	Fylkessekretær, Trøndelag SV	Til 31.8.	-
Frode Nystuen	Fylkessekretær, Trøndelag SV (40% permisjon, arbeidde 60%)	Heile året	Til 31.5.
Kari Gagnat	Fylkessekretær, Møre og Romsdal SV (50%)	Heile året	Heile året
Aslak Owren	Fylkessekretær, Vestland SV	Frå 1.3.	Permisjon frå 9.12.
Sigrid Sandal	Org.konsulent., Vestland SV	Heile året	Heile året
	Fylkessekretær, Vestland SV	-	Vikar frå 25.11.
Olav Rawcliffe	Fylkessekretær, Rogaland SV	Heile året	Heile året
Guttorm Strande Syrrist	Fylkessekretær, Agder SV (50%)	Heile året	Heile året
Anniken Beckstrøm	Fylkessekretær, Vestfold SV og Telemark SV	Heile året	Heile året
Mathias Malmgren	Distriktssekretær, Viken SV	Permisjon, slutta 30.9.	-
Rose Teigen-Fagerheim	Fylkessekretær, Akershus SV	Frå 1.10.	Heile året
Sigve Fredriksen	Fylkessekretær, Buskerud SV og Østfold SV (60%)	-	Heile året
Elisabeth Amundsen	Fylkessekretær, Innlandet SV	Heile året	Heile året
Ane Fidjestøl	Fylkessekretær, Oslo SV	Heile året	Heile året

### Mellombels tilsette

I tillegg til dei faste stillingane, har nokre medarbeidarar vorte tilsett på mellombelse kontraktar. Dette har i hovudsak vore snakk om vikarbehov for tilsette som har hatt heilt eller delvis permisjon, eller ekstra bemanning i valkampen.

Namn	Stilling	2023	2024
Anette Arneberg	Organisasjonsrådgjevar, Oslo SV	Heile året	-
Mathias Malmgren	Kampanjerådgjevar partikontoret (vikar)	Til 30.9.	-
Rose Teigen-Fagerheim	Fylkessekretær, Viken SV (vikar)	Til 30.9.	-
Sigve Fredriksen	Org.konsulent, Viken SV (40%)	1.1.- 31.3.	-
	Fylkessekretær, Buskerud SV og Østfold SV	1.4.-31.12	
Marianne Bilden	Fylkessekretær, Troms SV og Finnmark SV (vikar)	Frå 1.8.	-
Liv Dagrunn Andreassen	Fylkessekretær, Nordland SV (vikar)	-	Frå 8.1.

## Løn og arbeidsvilkår

SV følgjer landsoverenskomsten mellom Handel og Kontor (HK) og Arbeiderbevegelsens Arbeidsgiverforening (AAF). I tillegg er det inngått egne lokale avtalar mellom arbeidsgjevar og HK-klubben om lønspolitikk og arbeidstid. Tilsette i stortingssekretariatet og i partiorganisasjonen er omfatta av det same lokale avtaleverket, slik at alle har like vilkår. Det lokale avtaleverket er sist reforhandla med verknad frå 1.1.2025.

Alle medarbeidarar blir innplassert i ein av seks ulike stillingskategoriar, jamfør oversynet nedanfor. Alle medarbeidarane blir ved tilsetjing plassert inn i ein ansiennitetsstige, etter ei vurdering av kva kompetanse og ansiennitet ein tek med inn i SV. Partisekretær er valt og blir dermed ikkje innplassert i dette systemet.

### Fordeling mellom dei ulike stillingskategoriane, per 31.12.2024:

Stillingskategori	Totalt		Kvinner		Menn	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent
Hospitantar	0	0 %	0	0 %	0	0 %
Konsulentar	3	10 %	3	100 %	0	0 %
Organisasjonssekretærar	11	37 %	7	64 %	4	36 %
Rådgjevarar	12	40 %	6	50 %	6	50 %
Mellomleiarar	3	10 %	0	0 %	3	100 %
Administrativ leing	1	3 %	1	100 %	0	0 %
<b>Totalt</b>	<b>30</b>	<b>100 %</b>	<b>17</b>	<b>57 %</b>	<b>13</b>	<b>43 %</b>

Kvinnelege og mannlege tilsette har lik løn for likt arbeid. Tilsette i SV har arbeidstidsordningar og avtalar som er foreinleg med å vere småbarnsforeldre. Alle tilsette har gode moglegheiter for og blir oppmoda om kompetanseutvikling/vidareutdanning.

### Sjukefråvær

SV var IA-bedrift (inkluderande arbeidsliv) inntil ordninga vart avvikla, og har vidareført intensjonane i ordninga, med mellom anna utvida rett til bruk av eigenmelding ved sjukdom. Det har vore lågt sjukefråvær i perioden, med eit fråvær langt under landsgjennomsnittet. Det legemeldte sjukefråværet var i 2023 på 0,53%, medan det totale sjukefråværet var 3,33%. I 2024 var det legemeldte sjukefråværet på 1,95 %, medan det totale sjukefråværet var 4,13 %.

### Ny adresse for partikontoret

SV har leigd kontorlokale av Entra Eiendom i Hagegata 22 på Tøyen sidan juni 2014, og denne avtalen gjekk ut i mai 2024. Hausten 2023 blei det inngått avtale med Møller Eiendom om å leige kontorlokale i Møllergata 4, med innflytting i mai 2024. Den nye husleigeavtalen gjeld til mai 2032.

Dei nye lokala er nyoppussa og funksjonelle, og gir gode rammer for eit godt fysisk arbeidsmiljø. Det er inngått framleigeavtalar med Sosialistisk Ungdom for ein del av lokala. I tillegg leiger Oslo SV kontorplass her, saman med Buskerud SV, Østfold SV, Innlandet SV og Akershus SV.